

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 13.04.05 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Frode Bjørnås

I staden møtte:

Anne Lønnebakken

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef.

Konsulent Magda Haugen møtte i sak 14/05.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 18. april 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes vedteke.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit etterlyste framdrift i arbeidet med arealplan.

Admnsitrasjonssjefen beklaga at planen ikkje var ferdig til utlegging, men sakshandamar er bedt om å prioritera arbeidet. Det vert arbeidd for at planen vert handsama av kommunestyret i juni.

Tveit ba og om at det vart sett på ei eldre sak vedk. fritak for vass- og avlaups-avgifter for ein eigedom på Haga. Saka var handsama i 1979/80 av kommunestyret. Spørsmålet hans galdt om korleis fritaket var formulert.

Øyvind Røen spurde om det var skjedd noko i høve til Samla Plan.

Det vart orientert om at kommunen har motteke kopi av eit skriv frå fylkeskommunen til direktoratet. Leiaren har fått dette tidlegare, det vert no sendt til medlemmane saman med referat frå møtet.

Det vart drøfta korleis me skal arbeida vidare med denne saka.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Utsendt liste over delegerte vedtak vart kommentert.

Domslutning i sak om **kårbu på Tysseland** vart omsnakka, m.a. vart det spurt om vidare saksgang, kven har høve til å vedta om dommen skal påklagast. Det vart opplyst at kommunen v. leiar i utvalet og adm.sjef har bedt seg inn til møte med fylkesmannen. Dette møtet må haldast før ankefristen er ute. Det er enda ikkje teke stilling til vidare saksgang. Ordføraren vil ta ei avgjerd når ho er attende frå ferie.

Reguleringsplan for Bjørkheim og innkomne merknader til denne vart referert. Leiaren i utvalet orienterte og om møte han og ordførar har hatt med R. Brigtsen og med Norgesgruppen. Det var semje om at saka kjem opp i neste ordinært møte, dvs. i juni.

Det vart orientert om eit møte med Kvam kommune, teknisk etat og kommuneplanleggjaren der om **kloakkløysing for Kvamskogområdet**. Ein frå teknisk eining i Samnanger kommune vil vera med i arbeidsutvalet i Kvam for denne saka.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0014/05	03/00410 VEGNAMN I SAMNANGER - GODKJENNING AV FORSKRIFT, VIDARE ARBEID
0015/05	03/00472 DELINGSSAK GNR 23, BNR 1.
0016/05	05/00053 DELINGSSAK GNR 34, BNR 8 - EIKEDAL.
0017/05	05/00089 DELINGSSAK GNR 20, BNR 5.
0018/05	05/00113 SØKNAD OM BYGGJELØYVE, UTVIDING AV NOVERANDE KONTOR FOR FJORDTØNNA GNR.27 BNR 2. TYSSE
0019/05	05/00115 SØKNAD OM KONSESJON VED OVERTAKING AV FAST EIGEDOM GBNRS 43/143 - IVAR BERLAND
0020/05	02/00551 LANDBRUKSPLAN FOR FUSA, OS OG SAMNANGER

0014/05

VEGNAMN I SAMNANGER - GODKJENNING AV FORSKRIFT, VIDARE ARBEID

Handsaming i møte:

Konsulent Magda Haugen orienterte om arbeidet som er lagt ned i denne saka, og kom med døme på korleis framlegg til forskrift vil verke ved namnsetting av vegane i kommunen.

Utvalet vedtok samrøystes eit framlegg til mandat som vert oversendt kommunestyret. Dette er identisk med vedtaket i oppvekst og omsorg.

Vedtak:

Utvalet som vart oppnemnt i kommunestyresak 44/04 arbeider vidare med plan for adressering og namnsetjing av vegar i Samnanger kommune. Dette utvalet skal:

- Vera styringsgruppe for det arbeidet administrasjonen skal gjera for å arbeida fram eit plandokument i saka.
- Koma med framlegg til namnsetjing av vegane på grunnlag av ”Forskrift – adressesildeling og namnsetjing av vegar i Samnanger kommune”.
- Arbeida med finansiering mellom anna med å finna andre aktørar som kan vera med å yta økonomisk støtte for gjennomføring av prosjektet.
- Følgja framdriftsplanen som administrasjonen har laga i høve arbeidet med saka.

Saka bør vera ferdig handsama i administrasjonen og klar til politisk handsaming innan april 2006.

0015/05

DELINGSSAK GNR 23, BNR 1.

Handsaming i møte:

Utvalet var på synfaring på staden.

Øyvind Røen og Olaug Karin Øystese ba om å få vera ugild i denne saka. Utvalet aksepterte at dei var ugilde, og dei tok ikkje del i sakshandsaminga. Det møtte ikkje varamedlem.

Sture Tveit sette fram eit framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Søknaden om frådeling av skogateig på 3 daa frå gnr/bnr. 23/1 i Samnanger kommune vert imøtekomen. Det vert gitt dispensasjon frå Plan- og Bygningslova prg. 17-2 om frådeling i 100-metersbelte langs sjø.

0016/05

DELINGSSAK GNR 34, BNR 8 - EIKEDAL.

Framlegg til vedtak::

Søknaden frå Inge Aasgaard vert avslegen med heimel i gjeldande kommuneplan for Samnanger kommune. Det vert synt til arealdel med føresegner til byggjeområde kor det står følgjande: "For område avsett til utbyggingsføremål, vert det fastsett at arbeid og tiltak som er nemnde i PBL §§ 81, 84, 86a, 86b og 93 og frådeling til slike føremål ikkje kan finna stad før områda inngår i reguleringsplan".

Kommunen ser ikkje at det ligg føre særlege grunnar for å gje dispensasjon frå plankravet.

Søknad frå Inge Aasgaard om deling av hyttetomter, opparbeiding av veg og parkeringsplass vert godkjent i høve til jordlova § 9 og 12.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Søknaden frå Inge Aasgaard vert avslegen med heimel i gjeldande kommuneplan for Samnanger kommune. Det vert synt til arealdel med føresegner til byggjeområde kor det står følgjande: "For område avsett til utbyggingsføremål, vert det fastsett at arbeid og tiltak som er nemnde i PBL §§ 81, 84, 86a, 86b og 93 og frådeling til slike føremål ikkje kan finna stad før områda inngår i reguleringsplan".

Kommunen ser ikkje at det ligg føre særlege grunnar for å gje dispensasjon frå plankravet.

Søknad frå Inge Aasgaard om deling av hyttetomter, opparbeiding av veg og parkeringsplass vert godkjent i høve til jordlova § 9 og 12.

0017/05

DELINGSSAK GNR 20, BNR 5.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gjer i høve til § 12 i jordlova Johannes Nordbø løyve til å dela i frå bustadhus, merka alternativ 1 i kart vedlagt søknaden, frå gnr/bnr 20/5. Tufta skal vera på om lag 1,1 daa. Frådelinga må ikkje vera til hinder for driftsveg til øvre del av landbrukseigedommen. Vegen skal liggja på gnr/bnr 20/5.

Det vert med heimel i § 7 i pbl. gitt dispensasjon til å dele i frå ei tuft på 1,1 daa, med bustadhus, frå gnr/bnr 20/5 i Samnanger kommune.

Jan Olav Nordbø er kjøpar av tufta.

Handsaming i møte:

Søknaden vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune gjer i høve til § 12 i jordlova Johannes Nordbø løyve til å dela i frå bustadhus, merka alternativ 1 i kart vedlagt søknaden, frå gnr/bnr 20/5. Tufta skal vera på om lag 1,1 daa. Frådelinga må ikkje vera til hinder for driftsveg til øvre del av landbrukseigedommen. Vegen skal liggja på gnr/bnr 20/5.

Det vert med heimel i § 7 i pbl. gitt dispensasjon til å dele i frå ei tuft på 1,1 daa, med bustadhus, frå gnr/bnr 20/5 i Samnanger kommune.

Jan Olav Nordbø er kjøpar av tufta.

0018/05

SØKNAD OM BYGGJELØYVE, UTVIDING AV NOVERANDE KONTOR FOR FJORDTØNNA GNR.27 BNR 2. TYSSE

Framlegg til vedtak::

I medhald av plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for tilbygg til kontor / utstillingslokale og løyve til bruksendring frå sauefjøs til kontor / utstillingslokale.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.07.03.05

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kravet om takhøgde for bygging i samsvar med søknaden.

Tiltakshavar vert godkjent som sjølvbyggjar, det vil seia at han sjølv eventuelt med leigd hjelp, er ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for tilbygg til kontor / utstillingslokale og løyve til bruksendring frå sauefjøs til kontor / utstillingslokale.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.07.03.05

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kravet om takhøgde for bygging i samsvar med søknaden.

Tiltakshavar vert godkjent som sjølvbyggjar, det vil seia at han sjølv eventuelt med leigd hjelp, er ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

0019/05

**SØKNAD OM KONSESJON VED OVERTAKING AV FAST EIGEDOM
GBNRS 43/143 - IVAR BERLAND**

Framlegg til vedtak::

Ivar Berland vert gitt konsesjon på kjøp av gnr/bnr 43/143 i Samnanger kommune som tilleggsareal til 43/45

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ivar Berland vert gitt konsesjon på kjøp av gnr/bnr 43/143 i Samnanger kommune som tilleggsareal til 43/45

0020/05

LANDBRUKSPLAN FOR FUSA, OS OG SAMNANGER

Framlegg til vedtak::

Fusa, Os og Samnanger starter arbeidet med felles landbruksplan i medhald av jordlova. Styringsgruppe vert leiarane i Utval for plan og drift i Fusa, Forvaltningsstyret i Os og Naturutvalet i Samnanger, dei respektive utvala vert referansegruppe. Arbeidsgruppe vert prosjektleiar, landbrukssjef, leiarane i bondelag, bonde- og småbrukarlag og skogeigarlag i dei tre kommunane. Planen skal godkjennast i alle tre kommunane.

Handsaming i møte:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Fusa, Os og Samnanger starter arbeidet med felles landbruksplan i medhald av jordlova. Styringsgruppe vert leiarane i Utval for plan og drift i Fusa, Forvaltningsstyret i Os og Naturutvalet i Samnanger, dei respektive utvala vert referansegruppe. Arbeidsgruppe vert prosjektleiar, landbrukssjef, leiarane i bondelag, bonde- og småbrukarlag og skogeigarlag i dei tre kommunane. Planen skal godkjennast i alle tre kommunane.